



Dc Eikefet Aggregates AS
Eikemovegen 3
5994 VIKANES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14919 - 20/54050

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
01.09.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 221/1/1 Eikefet

Tiltak: Avvik i septiktank
Byggjestad: Gbnr: 221/1/1
Tiltakshavar: DC Eikefet Aggregates AS

Alver kommune har den 12.06.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 04.05.2020 vart registrert at det er sandmasser som renn inn i septiktanken dykkar, med adresse Eikemovegen 3, 5994 Vikanes. Masser av sand i tanken kan føre til at avløpsvatn renn ut i grunnen med fare for forureining. Tilførsel av sand i tanken gjer og at den må tømmast med kombibil. Dette medfører ekstra kostnad. Same tilstanden har vore meldt frå Norva24 AS tidlegare, både i 2017 og i 2018. Tilstanden er ikkje utbetra.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 01.11.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge Dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom De meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at De ikkje har plikt til å utbetra septiktanken, ber vi om at De tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må De kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan De sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert må De fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Dc Eikefet Aggregates AS

Eikemovegen 3

5994 VIKANES